

Årsrapport

2021



normisjon

region sogn og fjordane

1.0 Normisjon region Sogn og Fjordane

Normisjon region Sogn og Fjordane har kontor på Sandane. Regionen er tilslutta Normisjon som har hovudkontoret i Oslo. Normisjon sin visjon er: "Jesus Kristus til nye generasjonar og folkeslag", med kjerneverdiane: "Elska og sendt".

Regionen eig og driv: Fjordly Ungdomssenter, Teigen Leirstad og Holmely omsorg og retreat. Region Sogn og Fjordane eig også Fjordly Barnehage, Nordfjord folkehøgskule og Sunnfjord folkehøgskule. Regionen har aksjekapital i Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS.

1.1 Regionleiinga

Regionstyret har etter årsmøtet 2021 vore samansett slik:

Tittel	Navn	Periode	Bustad
Leiar	John Olav Hoddevik	2020-2022	Sandane
Nestleiar	John Bjarne Geithus	2021-2024	Naustdal
Styremedl.	Liv Bruland	2020-2023	Førde
Styremedl.	Møyfrid Sømme Kvamme	2020-2023	Oldedalen
Styremedl.	Margrete Haug	2021-2024	Sogndal
Styremedl.	Elida Østergaard Bruland	2019-2022	Førde
Actarepr.	Johan Olav Nyberg	2021-2022	Stryn
Ansatt repr.	Stine Lillebø Hopland	2022-2024	Eid
1.vara	Anne Berit Refvik	2021-2022	Raudeberg
2.vara	Grete Henjum	2021-2022	Florø
3.vara	Svein Helge Hovstad	2020-2021	Sandane

1.2 Arbeidsutvalget 2021

Styreleiar: John Olav Hoddevik

Nestleiar: John Bjarne Geithus

Regionleiar: Jostein Bildøy (frå aug.2021)

1.3 Valnemnd

Ingebjørg Isane Fure, 2020-2022

Marta Fimreite, 2021-2023

Leon Haugsbø, 2021-2022

1.4 Revisor

Det vart ikkje valgt revisor for rekneskapsåret 2021.

1.5 Regionstyret sitt arbeid

Regionstyret har i 2021 handsama 69 saker.

2.0 Tilsette

2.1 Region

I løpet av året var det 6 tilsette i regionen, 2 kvinner og 4 menn:

- Stine Hopland, *Actaleiar 100%, konstituert regionleiar til 31.7. (fødselspermisjon jan.-mai)*
- Vegard Tennebø, *Felleskapsutviklar 50%, Lederteam Normisjon i Norge 50% (sjukemeld januar-april)*
- Stian Stokkebekk *Felleskapsutviklar 70%. (pappapermisjon 1.halvår)*
- Maria Dalsbø Tøsse, *Ungdomskonsulent Acta 20% til 01.03.*
- Jostein Bildøy. *Regionleiar 100% frå 01.08.*

2.2 Einingane

- Marte-Iren Lade, *100% dagleg leiar Fjordly Ungdomssenter til 31.7.*
- Hildegunn Vederhus, *100% dagleg leiar Fjordly ungdomssenter frå 1.8.21 (aktiv sjukemelding ut året)*
- Heike Wallach, *50% husmor Fjordly ungdomssenter*
- Eva Langseth, *80% dagleg leiar Holmely Omsorg og Retreat*
- Aud Holvik Nordpoll, *timebasis på vaskeri for Fjordly og Holmely*
- Wenche Nygård, *dagleg leiar Fjordly barnehage*
- Anna Marie Skogli Vatnamo, *dagleg leiar Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen.*
- Hildegunn Gjesdal Tennebø, *rektor Nordfjord folkehøgskule*
- Jon Olav Leira, *rektor Sunnfjord folkehøgskule*

2.3 Gjestetalarar

Det var ingen gjestetalarar i regionarrangement dette året.

3.0 Om arbeidet i regionen

Før sommarferien var staben prega av permisjonar og sjukmeldingar, og drifta gjekk på eit minimum ut året. Staben kom gradvis i aktivt arbeid igjen i mai og juni, og frå 1.august var det full drift frå regionkontoret, med ny regionoleiar plass. Hausten har staben brukt til å reetablere eige arbeid og finne rytmen som stabsfellesskap. Både i det interne arbeidet og i det utadretta arbeidet ein er satt til å virke i. Årsmøte for 2021 vart gjennomført digitalt.

3.1 Julemesser og regionlotteri.

Det vart ikkje halde julemesser i 2021 på grunn av restriksjonane som fulgte med covid-19. Desse messene brukar å gje viktige bidrag til økonomien. Det er difor godt at vi fekk gjennomført regionlotteriet som normalt, med nettoinntekt på om lag kr 102.000,-.

3.2 Fellesskapsutvikling

3.2.1 Norfellesskapet, Førde

Sidan 2019 har arbeidet med fellesskapsutvikling i Førde fått namnet Norfellesskapet. Norfellesskapet er framleis i ein prosjektfase, men har utvikla seg til å tilby jamnlege

gudstenester med hovudfokus på unge vaksne og barnefamiljar. I tillegg til gudstenester har det arrangert lovsangskveld og førjulskonsert med søstrene Garness. Det er etablert ei leiargruppe for Norfellesskapet. Leiargruppa har gjennomført M4 leiirutviklingskurs for kyrkjelydsplanting som fellesskapsutviklinga bygger sin vidare strategi på. Norfellesskapet utgjer i år den største enkeltaktiviteten i Førde Normisjon.

3.2.2 Møtepunkt B, Sandane

Møtepunkt B og Sandane Normisjon fusjonerte i år til Normisjon Møtepunkt B. Det er etablert egne aktivitetar for barn og unge gjennom Møtepunkt B Barn og Møtepunkt B Ung. Breidden av aktivitetar når alle aldersgrupper. Vegard Tennebø har vore leigd inn frå regionen i 10% stilling som forsamlingsleiar. Den planlagde auken til 20% som skulle skje i 2020 kjem i staden i 2022.

3.3 Foreiningane

3.3.1. «Saman»

Konseptet «Saman» er ikkje brukt til samlingar mellom foreiningane i år. Ny regionleiar har arbeidd for å etablere kontakt med så mange foreiningar og kontaktpersonar som råd denne hausten, mellom anna for å finne ut korleis vi kan vere til nytte og motivasjon for kvar andre i misjonsarbeidet vårt. Heile staben har på ulike måtar vore i kontakt med foreiningar og delteke på basarar, årsmøter og ulike møter i foreiningane.

3.3.2. Foreiningane

Regionen har mange gode støttespelarar i mellom anna 42 foreiningar rundt i fylket. Dei samlast om Guds ord og ber for bygdene og arbeidet til Normisjon både her heime og i samarbeidslanda. I Acta er det i tillegg 20 barnelag, ungdomslag, kor med meir. Elles har fleire foreiningar engasjert seg med bønn og gåver til ulike misjonsprosjekt.

3.4 Storsamling

Det vart gjennomført 2 storsamlingar på Fjordly ungdomssenter i haust. Desse vart besøkt av alle generasjonsgrupper og var til motivasjon. Det var forsøkt å gjennomføre storsamling på Teigen leirstad etter same modell som på Fjordly. Men her vart konklusjonen at vi må bygge arbeidet i Sunnfjord og Nordfjord etter korleis nettverka fungerer i desse regionane. Det er ikkje vurdert storsamling i Sogn dette året.

3.5. Media

På regionen si heimeside: www.normisjon.no/sof legg vi ut saker til informasjon og glede. Vi arbeider med å oppdatere nettsida, og dette arbeidet går gradvis. Ved nokre høve vert det sendt ut brev til foreiningane, elles vert informasjonen spreidd gjennom regionavisa, "Nytt frå Normisjon". Avisavisa vert gitt ut saman med region Møre og samordna frå hovudkontoret, som og står for tredjeparten av stoffet, både nasjonalt og internasjonalt stoff. Dette fungerer som "lim" i organisasjonen, der alle får tilgang til same informasjonen.

3.6 Stabssituasjonen

Regionen har ein flott stab medarbeidarar som gjer eit godt arbeid. I vår var det likevel opplevd stillstand i regionen då staben var sjukemeldt eller i permisjonar. I haust har staben arbeid med å finne sine enkeltvise og felles arbeidsrytmer. Staben har eit godt arbeids- og sosialt fellesskap som blir ivaretatt gjennom stabsmøter og god dialog undervegs i arbeidskvardagen.

3.7. Samarbeid

3.7.1. SMM

Misjonssamarbeidet SMM (Samarbeid Menighet og Misjon) har i haust hatt 2 samlingar, eit på teams og eit på Bjørgvin bispedømmekontor. Vi drøfter felles arbeidsformer og utfordringar i å styrke misjonsengasjementet i kyrkjelydane. Regionen vår har registrert 6 misjonsavtalar med kyrkjelydar i Sogn og Fjordane i 2021. I desse er 4 nye samarbeid inngått i år med Sande, Bygstad, Viksdalen og Eid sokneråd.

3.7.2. Andre organisasjonar og kyrkjelydar

Det er inngått samarbeid søndagsskulekonsulentane i Bergens krets av SØNDAGSSKOLEN NORGE om samarbeid for å nå barn og unge. Samarbeidet vil særleg påverke Acta – barn og unge. Men vil og motivere vaksne til å engasjere seg og delta. Det er inngått samarbeid med Sogn og Fjordane KFUK/KFUM om eit forprosjekt for å etablere lavterskel ungdomsmøteplass på Nordfjordeid. I dette samarbeidet vil vi involvere både Acta og Normisjonsarbeidet lokalt. Forprosjektet er planlagt å vare ut våren 2022.

Samarbeid med Sogndal Indremisjonsforsamling held fram gjennom deltaking på samlingar i Sogndal.

4.0 Einingane

Einingane våre har eigne årsrapportar og rekneskap som vil bli offentleggjort på nettsidene våre. Årsrapportane skal ikkje lenger opp som sak på regionens årsmøte, men kan gjerne lesast til informasjon og inspirasjon. Under kan du lese litt om Fjordly, Holmely og Teigen, som er dei tre einingane som er tettast på regionen.

4.1. Fjordly

Gjennom året har Fjordly fått ny dagleg leiar. Marte Iren Lade takka for seg 31.7. Vi takkar henne for all den innsats ho har lagt ned for Fjordly som dagleg leiar, og ønskjer henne Guds signing i arbeid og fritid vidare. 1.8. starta Hildegunn Vederhus som dagleg leiar. Gjennom hausten har det vore auke med bestillingar til både dagarrangement og arrangement med overnatting. Det er motteke kompensasjon for tapte inntekter frå Staten og arbeidd med profilering av Fjordly gjennom sosiale media. Årsrekneskapen viser kr. 110 029 i underskot. Inntektene er om lag som i 2020, langt under «normalåret» 2019.

Underskotet er ikkje endeleg i påvente av refusjonar på sjukepengar. Vi håpar at leirplassen blir fylt opp med barn, ungdom, vaksne og eldre det komande året, og at Fjordly igjen skal få styrka sin posisjon som møteplass i Nordfjord.

4.2 Holmely

Holmely ser tilbake på nok eit krevjande år, arrangement messig. Første halvår blei veldig roleg, grunna dei strenge kommune-restriksjonane. Her blei dagleg leiar permittert til ½ stilling i 3 månader. Andre halvår fekk vi gjennomført det meste, med strenge restriksjonar. Overskotet frå gjevaråret 2020 har vore gull verdt gjennom 2021, for å tenkje framover! Det er installert eit brannvarslingsanlegg med opp kopling til brannvesen. Eit nytt mini kjøken til bruk for gjester, er snart klart. Det er pussa opp kontor, kledd inn ein del ventilasjonsrør, sett inn nokre dører og installert varmpumpe! Kr 49.000,- i kompensasjonsordning for tapte inntekter dette året. 3 veker med sommar-booking gav gode inntekter, takka vere holmelystyret og andre frivillige! Alt i alt går vi med eit lite underskot driftsmessig på 24.630,-, inkludert avskrivningar.

4.3 Teigen

På Teigen har det blitt gjort og ordna mykje i 2021. Det er satt opp ein port ved innkøyrsla frå riksvegen. Hytte 3 er renovert og oppgradert etter vasslekkasje. Styret har hatt eit særskilt fokus på å få til ei stabil inntekt, og har arbeidd mykje med søknadar og innsamling for å få utretta nødvendig vedlikehald og oppgradering. Alle robåtar, kanoar og kajakkar er bytta ut med støtte frå Sparebankstiftinga. Styret har og hatt fokus på oppdatering av internkontrollavtalane for brann- og el-tryggleik. På grunn av styret sin innsats har Teigen hatt ei solid auke i sals- og driftsinntekter også i 2021 med eit overskot på kr 118 269. Inntektene auka med 42% frå 2020 til 692 661.

5.0 Minneord

Styret vil takke for tenesta frå dei som har gått bort siste året. Livet er ei verdifull gåve gjeve oss av Gud i kjærleik med gåver og oppgåver. Vi kan kjenne på sorg og sagn, men mest på takksemd for det dei fekk vere medan dei var her saman med oss.

6.0 Økonomi

Årsregnskapet syner at regionen i 2021 har eit underskot på om lag kr 235.000,-. Dette handlar i hovudsak om auka lønsutgifter, nokre investeringar og auka reisekostnader for stab som følgje av auke i aktivitetar. Inntektene er stigande jamført 2020, men ikkje tilbake til 2019-nivå.

Misjon er ikkje først og fremst bygningar eller aktivitetar. - det er folk og relasjonar der Jesuskanverteverkeleg. Vi vonar derfor de ynskjer å fortsette å gje gåver gjennom fastgjevarteneste og avtalegiro. Regionen har ulike satsingar vi trur og vonar vil veretil velsigning for arbeidet i Normisjon.

Vi ber særskilt om fleire faste gjevaravtalar for å sikre ein stabil økonomi og for å sleppe naudrop om hausten.

7.0 Takk!

Vi har fridom til å samlast om Guds Ord, fridom til å driva misjonsarbeid både heime og ute, der vi kan få vere med å levandegjere visjonen: "Jesus Kristus til nye generasjonar og folkeslag. Vi står saman med mange medarbeidarar i fleire verdsdelar og mange land, og er takksame både til Gud og menneske for at vi får vera med i dette arbeidslaget.

Det store arbeidsfellesskapet er samansett av *einskildmenneske* som kvar på sin plass gjer eit stort arbeid! Styret rettar ein takk til alle, unge og eldre som står med i arbeidet både med munn og hand, frå talarstol og kjøkkenbenk, med musikkinstrument og vaskebøtte, med giroblankett og hender falda i bøn og lovsong. TAKK!

Hjarteleg takk for all teneste for Jesus og for Normisjon!

Stine Hopland, tilsettes representant

Elida Østergaard Bruland, styremedl.

Liv Bruland, styremedlem

Møyfrid Sømme Kvamme, styremedl.

Anne Berit Refvik, 1.vara

Johan Olav Nyberg, Actastyre repr.

Jostein Bildøy, regionleiar

John Bjarne Geithus, Nestleiar

John Olav Hoddevik, styreleiar